HELSE MØRE OG ROMSDAL

Digital samhandling Møre og Romsdal

Handlingsplan 2016-2018

Innhald

1. INNLEIING 3

1.1 Bakgrunn 3

1.2 Utfordringar og muligheiter 3

1.3 Brukarinvolvering: 4

2. FORMÅL 5

3. ORGANISERING 5

3.1 Driftsforum Møre og Romsdal 5

3.1.1 Mandat 5

3.2 Ressursar 6

4. GJENNOMFØRING OG FORANKRING 6

5. MÅL OG TILTAK FOR INNSATSOMRÅDET 7

6. LITTERATURLISTE 11

1. Innleiing

Handlingsplan for digital samhandling mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF utgjer innsatsområde nr 9 i Samhandlingsstrategi for Møre og Romsdal (2016c). Arbeidet med å utarbeide, organisere, gjennomføre og evaluere tiltaka innan digital samhandling, vil vere eit viktig bidrag for å nå målsettinga «*Heilskaplege behandlingsforløp med klar ansvarsfordeling i og mellom helseføretak og kommune»* og byggjer opp under visjonen *«Samhandling for å utvikle pasientens helsevesen i Møre og Romsdal»*.

1.1 Bakgrunn

Handlingsplanen er eit virkemiddel for realisering av prosjektplan Digital samhandling i Helse Midt-Norge 2016. Prosjektplan Digital samhandling gir rammer og føringar for gjennomføring av Helse Midt-Norge sitt bidrag til i Handlingsprogram Nasjonalt Meldingsløft 2009-2010. Overordna målsetjing for program Meldingsutbredelse har vore å bidra til effektivisering, auka kvalitet i pasientbehandlinga og betre samhandling gjennom bruk av elektronisk kommunikasjon for alle aktørar. Eit særleg mål har vore å etablere elektronisk meldingsutveksling mellom alle kommunar, sjukehus og fastlegar og etablere rutinar for forvaltning, vedlikehold og vidareutvikling av feltet etter programmets avslutting (Helsedirektoratet, 2011). Norsk Helsenett har vedlikehaldt det vidare arbeidet med meldingsutbredelse etter 2014 via kompetansenettverket KomUt[1].

1.2 Utfordringar og muligheiter

- Helseplattformen: Korleis vil dette påvirke regionalt og lokalt arbeid? Mulighet for standardisering og samordning av helsetenesta som er bygd rundt den enkelte pasient.
- Kommunereforma: Korleis vil eventuelle endringar fylke- og kommunestruktur påvirke arbeid innan digital samhandling?
- Det er utfordrande å imøtekome nasjonale forventingar i høve til strategiske mål for digital samhandling, då ein manglar tydelege pålegg eller insitamentsordningar som kan nyttast overfor samhandlande aktørar. Til dømes insitament for å understøtte auka standardisering, opplæring og bruk av system.

[1] KomUT er ei forkorting for Kommunal utbredelse som gjennomførte eit prosjekt i samarbeid med etablerte kompetanseorganisasjonar.
Norsk Helsenett. (2015): Meldingsutbredelse i kommunehelsetjenesten. Sluttrapport Kommunal Utbredelse (KomUT) 2012-2014 https://www.nhn.no/aktuelt/Documents/vedlegg/KomUT-sluttrapport.pdf

- Etter kvart som meldingsvolumet aukar, ser ein behov for å samordne rutinar nasjonalt og for heile helseregion Midt-Noreg.
- Det kjem til fleire nye aktørar som for eksempel apotek, privat praktiserande fysioterapeuter og tannlegar, som må inkluderast i etablert meldings- og logistikkflyt.
- Kommunar erfarar at leverandørar ikkje leverer i henhald til krav, forventningar og behov. Dette fører til at enkelte kommuner må kjøre parallelle rutinar som til dømes elektronisk og papir, for å ivareta krav etter lov og forskriftsverk. Dette utfordrar kvalitet, sikkerheit og samhandlinga i tenestene.
- KomUt2 som prosjekt vert truleg avslutta i utgangen av 2017. Det er behov for vidare koordinering og oppfølging av operasjonalisering av digital samhandling via Driftsforum Møre og Romsdal. Vidare koordineringsansvar blir avklart i løpet av hausten 2016.
- Det er behov for ei felles kommunikasjonsplattform for deling av dokument mellom kommunane og helseføretaket. Dette gjeld dokument som handlingsplanar, statusrapportar, nyheitsbrev og informasjon for markedsføring av arbeidet.
- Det er behov for felles forståing hos den enkelte helseaktør vedrørande rutiner, rutinelojalitet og opplæring i rutiner og system.
- Avviksregistrering mellom helseføretaket og kommunane viser at det er behov for kontinuerlig merksemd mot bruken av dei elektroniske pleie- og omsorgsmeldingane, slik at rett melding vert sendt til rett instans, med innhald av god kvalitet som sendast til rett tid. Ein må lage system og rutinar som sikrar at naudsynt informasjon om pasient blir med både i innleggingsskriv og ved utskriving. Det er særleg svikt ved utskriving som gjeld utsending av epikriser/tilsvarande legedokumentasjon med oppdatert legemiddelliste. Dette utfordrar både pasientsikkerheit og kvalitet i tenestene i overgangen mellom nivåa (Helse Møre og Romsdal, 2016 a og b).

1.3 Brukarinvolvering:

Nasjonal helse- og sjukehusplan (Meld.St.11, 2016-2019:19) viser til at fremtidas helsetenester skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande;

«En fremtidsrettet tjeneste er en tjeneste som tar beslutninger i samråd med brukerne, som er opptatt av hva som er deres mål, behov og ønsker for eget liv, og som legger dette til grunn for hvilke tjenester som leveres og hvordan de er utformet».

For å sikre involvering av brukarane i arbeidet med handlingsplanen, vil framlegget sendast på høyring til brukerutvalet i Møre og Romsdal.

2. Formål

Gjennomføring av tiltak og aktivitetar i handlingsplanen har som formål å betre samhandling og samanhengande forløp i helsetenesta. Aktivitetar og tiltak skal gi auka kvalitet og effektivitet i samhandlinga mellom primær- og spesialisthelsetenesta basert på samhandlingsreforma sine føringar og forpliktingar i samhandlingsavtalar mellom partane.

3. Organisering

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tilrådde i møte 9. februar 2016 at utforming, organisering og gjennomføring av tiltak og aktivitetar i planar skal koordinerast gjennom innsatsområda sine arbeidsgrupper. IKT Arbeidsutvalg Møre og Romsdal er eit formelt underlagt utval knytt til samhandlingsavtalens delavtale 9. Driftsforum Møre og Romsdal vart utnevnt som ei arbeidsgruppe underlagt IKT Arbeidsutvalget for perioden august 2015 til august 2016. Arbeidet vart evaluert i juni 2016. For arbeidet med digital samhandling i Møre og Romsdal, vil koordinering og oppfølging av arbeidet være eit hovudområde for Driftsforum Møre og Romsdal.

3.1 Driftsforum Møre og Romsdal

Forumet er samansett med representantar frå Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal. Representasjonen har som mål å sikre breidde i kompetansesamansetning, slik at både teknisk og helsefagleg kompetanse innan elektronisk samhandling blir ivaretatt. Ein kallar inn fagkompetanse ved behov. Forumet har følgande samansetning;

Frå Helse Møre og Romsdal HF
IKT-rådgjevarar ved fagavdelinga, seksjon for ikt, medisinsk koding og pasientdokumentasjon
Samhandlingssjef og rådgjevar ved samhandlingsavdelinga

Frå kommunane
To representantar frå kvart IKT-samarbeid i;

SSIKT (Søre Sunnmøre IKT, ein representant)
E-kommune Sunnmøre/Storfjordsamarbeidet
ROR-IKT
IKT-Orkide

E-helserådgiver IKT-Orkide/Prosjektleder KomUt Møre og Romsdal - leiar

3.1.1 Mandat

Mandatet til Driftsforum Møre og Romsdal er;

- Sikre at gode resultat frå KomUt (1) – utviklast og behaldast i fylket

- Fokusere på god og stabil drift av den elektroniske plattforma mellom helseaktørane i Møre og Romsdal
- Sikre effektiv, sikker og etisk forsvarleg elektronisk informasjons- og meldingsutveksling i høve til vedtatt meldingslogistikk
- Utføre nokre av dei praktiske oppfølgingsoppgåvene i Samhandlingsavtalens - delavtale 9, «Samarbeid om IKT-løsninger og elektronisk samhandling»
- Vere arena for avklaringar knytt til rutinar, oppfølging og fagleg innhald i elektronisk samhandling
- Ad-hoc organisert – avviklast når hensikta er oppfylt

Driftsforumet har møte kvar tredje veke etter vedteken møteplan. Møtearena er i hovedsak via Lync med fysiske møter ved behov. Forumet rapporterer til leiar for IKT Arbeidsutval Møre og Romsdal.

Erfaringar etter om lag eit års drift av forumet, er at dette er ein svært viktig arena for erfarings- og informasjonsutveksling innan digital samhandling. Merksemda rettast mot å drøfte, avklare og prioritere ulike problemstillingar og kontinuerleg overvåke praksis, for å sikre at både helseføretak og kommunar føl opp og praktiserar i henhald til utarbeida rutiner. Det har utvikla seg eit tett samarbeid mellom deltakarane i gruppa, med open dialog mellom deltakarar som ser seg som likeverdige.

3.2 Ressursar

For å få iverksatt handlingsplanen, er arbeidet avhengig av forpliktande samarbeid mellom alle partar i samhandlingskjeden for å få framdrift. Dette gjeld både Hemit, HF, kommuner, eHelsedirektoratet og hos journalleverandørene.

4. Gjennomføring og forankring

For perioden er det sett opp eit hovudmål med tilhøyrande tiltak. Sjå tabell under med beskriving av tiltaka, tidsramma og oppgåve- og ansvars fordelinga mellom helseføretaket og kommunane. For å sikre involvering og felles oppslutning om mål og tiltak, blir utkast for handlingsplan lagt fram for Overordna samhandlingsutvalg i Møre og Romsdal i møte september 2016. Utkast for handlingsplan blir deretter sendt på høyring til aktuelle instansar i kommunar, regionråd, helseføretak og brukarutval. Eventuelle tilbakemeldingar dannar grunnlag for eventuelle justeringar av planen til eit endeleg utkast. Utkastet skal leggast fram for Overordna samhandlingsutval for godkjenning og distribuerast deretter til partane for gjennomføring.

Handlingsplanen skal også leggast fram for dei lokale samhandlingsutvala knytt til kvart lokalsjukehusområde. Dei lokale utvala vil ha ei viktig rolle i gjennomføringsfasen saman med leiing og ansatte i kommunane og sjukehusa i fylket (jmf samhandlingsavtale, 2015: delavtale12, punkt 4).

Driftsforum Møre og Romsdal er bindeledd mellom aktørane og er med på å fremme gjennomføring av planen.

Følgande skal ligge til grunn for arbeidet med å utforme og gjennomføre handlingsplanen;

- Utforming og iverksetting av handlingsplanen skal byggje på tillit og likeverd mellom partane.
- Mål og tiltak må forankrast på relevante leiarnivå.
- For kvart av tiltaka/aktivitetane bør det utformast ein beskrive tiltaket/aktiviteten og kva ein ønskjer å oppnå. Det må konkretiserast ansvar og oppgåver mellom helseføretaket og kommunane.
- Rapportering og evaluering er ei forutsetning for å vurdere mål og effekt av tiltaka i handlingsplanen, og må vere del av arbeidet både i utformingsfasen og i gjennomføringsfasen.

Tabell 1: Handlingsplan for digital samhandling i tidslinje



5. Mål og tiltak for innsatsområdet

Handlingsplanen skal bidra til å nå regionale og nasjonale mål om betre samhandling og samanhengande forløp i helsetenesta og støtte opp under visjonen for Meldingsløftet i Helse Midt-Norge; *«Heilskapleg pasient- og brukarforløp gjennom elektronisk samarbeid».*

Mål: Betre samhandling og samanhengande forløp

Tiltak perioden 2016-2018

Tiltak	Innhald	Ansvar	Tids-plan	Oppgave HMR	Oppgave kommuner
1	Følgje opp gjeldande rutiner ved bruk av basis- og pleie- og omsorgsmeldingar,	DFMR/ Leiing og ansatte i kommunar og HMR	Konti-nuerlig	Sikre oppfølgjing av gjeldande rutiner ved bruk av pleie- og omsorgs-	Sikre oppfølgjing av gjeldande rutiner ved bruk av pleie- og omsorgs-

	evaluering og korrigering			meldingar. Etablere rett praksis	meldingar. Etablere rett praksis
1a	Informasjon og opplæring i rutiner og system for bruk av dei ulike basis[2]- og pleie- og omsorgsmeldingane	DFMR/ Leiing i kommuner og HMR	2016-2018	Sørgje for informasjon og opplæring til relevant personell	Sørgje for informasjon og opplæring til relevant personell
1b	Arrangere fagdag om bruk av pleie- og omsorgsmeldingar	DFMR	Vår 2017	Sørgje for at relevant personell får delta på fagdag	Sørgje for at relevant personell får delta på fagdag
1c	Kvalitet i pasientinformasjon som utvekslast ved bruk av basis- og pleie- og omsorgsmeldingar.	DFMR/ Leiing i kommuner og HMR	Konti-nuerleg	Sørgje for kvalitet i pasient-informasjonen som utveklsast med kommunen.	Sørgje for kvalitet i pasient-informasjonen som utvekslast med helseføretaket.
1d	Sikre at nødvending pasientinformasjon utvekslast til rett tid, slik at aktørane kan yte forsvarleg helsehjelp. Jamfør vedtatt Samhandlingsavtale	Leiing i kommuner og HMR		Sørgje for å sende nødvendig informasjon om pasienten til rett tid, slik at mottakande helsepersonell kan yte fagleg og forsvarleg helsehjelp.	Sørgje for å sende nødvendig informasjon om pasienten til rett tid, slik at mottakande helsepersonell kan yte fagleg og forsvarleg helsehjelp.
2	Avvikshandtering	DFMR/ partane	2016-2018	Bidra i arbeid med å utvikle avvikshandteringa	Bidra i arbeid med å utvikle avviks-handteringa
2a	Utforme rutine for melding av avvik knytt til e-meldingane. - kva inngår som avvik i EPJ og kva er samhandlingsavvik?	DFMR	2016-2018	Følgje opp utarbeida rutine for melding av avvik i e-melde systemet	Følgje opp utarbeida rutine for melding av avvik i e-melde systemet
2b	Kartlegge muligheit for elektronisk melding av samhandlingsavvik	Sam.avd. v/Hemit og EQS	2016-2018	Avklarast seinere	Avklarast seinere

[2] Dei elektroniske meldingane kan delast inn i basis- og pleie- og omsorgsmeldingar.
Basismeldingar omfattar epikriser, henvisningar, rekvisisjonar og svar.
Dialogmeldingar omfattar pleie- og omsorgsmeldingar
Helse Midt-Norge. (2016): Prosjektplan Digital samhandling (Meldingsløftet)

3	Rutinar og system for legetenestene	KomUT/ DFMR, partane	2016-2018	Bidra i arbeidet med å sikre rutiner og system for e-meldings-utveksling i legetenestene	Bidra i arbeidet med å sikre rutiner og system for e-meldings-utveksling i legetenestene
3a	Det må avklarast bruk av fagsystem og meldingar i legevaktstenesta	KomUt/DFMR	2016-2017	Ta i bruk meldingar i legevakt. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar i legevakt. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
3b	Utbreiing av e-meldingar mellom HF og ØHD[3] - Avklaring av rutinar og ansvarforhold	KomUt/ DFMR	2017	Ta i bruk meldingar ved ØHD. Følgje opp utarbeida rutiner og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar ved ØHD. Følgje opp utarbeida rutiner og arb.prosessar
3c	Utbreiing av e-meldingar mellom lege i HF og fastlegar - pilot St. Olav	KomUt/DFMR, HM	2017-2018	Ta i bruk meldingar mellom lege i HF og fastlegar. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar mellom lege i HF og fastlegar. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
4	Utbreiing av e-meldingar til andre faggrupper	KomUt/DFMR/ Partane		Bidra i arbeidet med utbreiing av e-meldingar til andre faggrupper	Bidra i arbeidet med utbreiing av e-meldingar til andre faggrupper
4a	Utbreiing av e-meldingar til/frå poliklinikk - utforme rutinar for elektronisk meldingsutveksling mellom aktørene	KomUT/ DFMR	2017-2018	Ta i bruk meldingar ved poliklinikkar. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar ved poliklinikkar. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
4b	Utbreiing av e-meldingar til helsestasjon	KomUT/ DFMR	2017-2018	Ta i bruk meldingar i helsestasjon. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar i helsestasjon. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
4c	Bredde e-meldingar til fysio/ergo	KomUT/ DFMR	2016-2018	Avklarast seinere	Avklarast seinere
4d	Utbreiing av dialog-meldingar til Dialysen	KomUt/ DFMR	2016-2018	Ta i bruk meldingar ved dialysen.	Ta i bruk meldingar ved dialysen.

[3] ØHD står for kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod

	(sengepost)			Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
4e	Utbreiing av dialog-meldingar til ambulante akutteam	KomUt/ DFMR	2016-2018	Ta i bruk meldingar ved ambulante akutteam. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar	Ta i bruk meldingar ved ambulante akutteam. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
5	Digital samhandling med randkommuner - kartleggje kommuner og status MR: Vågsøy, Stryn, Selje, Hornindal, Eid og Lesja	DFMR	2016-2017	Leggje til rette for bruk av e-meld for samhandling med randkommuner	Ta i bruk meldingar i kommunen. Følgje opp utarbeida rutinar og arb.prosessar
6	Utvikle elektronisk løysing for palliativ plan - tester ut via Gerica - Kven «eier» planen - e-meldingar for informasjons-utveksling – oppdatering av plan	SSIKT testar løysing for slik plan i Gerica i samarbeid med arbeids-gruppe for palliativ plan	Testar ut i vår 2016	Avklarast seinare	Avklarast seinare

6. Litteraturliste

- Helsedirektoratet. (2011): Forvaltningsoppgaver. Nasjonalt Meldingsløft. https://ehelse.no/Documents/Rapporter%20og%20dokumenter%20standardisering/rapport-forvaltning-nasjonalt-meldingsloft(2012).pdf

- Helse Midt-Norge. (2016): Prosjektplan Digital samhandling (Meldingsløftet)

- Helse Møre og Romsdal HF.(2015): Samhandlingsavtale mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF. https://helse-mr.no/Documents/Samhandlingsavtale%202015%20.pdf

- Helse Møre og Romsdal. (2016a): Oppsummering etter fagdagar i bruk av pleie- og omsorgsmeldingar mellom helseføretak og kommunar i Møre og Romsdal https://helse-mr.no/Documents/Oppsummering%20etter%20fagdagar%20i%20bruk%20av%20pleie-%20og%20omsorgsmeldingar%20-%202016.pdf

- Helse Møre og Romsdal.(2016b): Rapport om uønsktesamhandlingshendingar fjerde kvartal 2015 https://helsemr.no/Documents/Rapport%20om%20meldte%20uønskte%20samhandlingshendingar%20fjerde%20kvartal%202015.pdf

- Helse Møre og Romsdal. (2016c): Samhandlingsstrategi Møre og Romsdal 2016-2018 https://helsemr.no/Documents/Samhandlingsstrategi%20Møre%20og%20Romsdal%202016-2018.pdf

- Norsk Helsenett. (2015): Meldingsutbredelse i kommunehelsetjenesten. Sluttrapport Kommunal Utbredelse (KomUT) 2012-2014 https://www.nhn.no/aktuelt/Documents/vedlegg/KomUT-sluttrapport.pdf